



DET NORSKE TEATRET




b15g 019 032

15 - 25 ÅR ?

– sats ein tiar, klipp i luka og få 50 % rabatt!

OVER 25 ÅR ?


– sats ein tiar på ei gåve som barn, barnebarn og venner vil få glede av – eit heilt år!



KLIPPEKORT 70 I DET NORSKE

- 1 gir 1/2 pris på alle framsyningar på Det Norske Teatret, også premièrar og musicals (ikkje gjestespel og festframsyningar).
- 2 gir inntil 2 billetter til 1/2 pris til kvar teaterkveld. Du kan ta med deg ein venn eller ei venninne mellom 15 og 25 år.
- 3 gir ein GRATIS billett for klipp nr. 10.
- 4 kan berre nyttast av eigaren.
- 5 gjeld i 12 månader.
- 6 gir 5 dagars forsal (tlf. 42 46 17).
- 7 KLIPP I LUKA OG FÅ FULL RABATT!

Alle opplysningar om det nye ungdomstilbudet på
sals- og informasjonskontoret, telefon 41 00 76.



Karel Hlavaty

KAREL HLAVATY

er fødd i Prag og utdanna seg som bilethoggar. Dette har vel kome han til gode i hans seinare arbeid med eksperimentelle teaterformer, der det plastiske uttrykket kom til å bli sentralt. Han arbeidde som scenograf, var i 8 år sjefs-scenograf ved teatret Radost i Brno, eit teater som han bygde opp frå grunnen av.

Men også som iscenesetjar arbeidde han med skulpturelle grep, slik at pantomime, skuggespel og marionettspel opptok han sterkt. Han var aktivt med i det første profesjonelle dokketeater i Prag (han prosjekterte også det første dokketeatret i Hanoi).

Ved Teaterakademiet i Prag var han profesjonell i scenografi og teknologi, og han var med på å skape det første «svart teater» i Tsjekkoslovakia, og også det opphøvelege «Laterna Magica» – begge teaterformer som har vekt internasjonal furore. I byen Kladno gjorde han sine første freistnader med å kombinere svart teater, dokketeater og pantomime, men først hos oss med «Måne over gjøglarvogna» har han ført dette fram til ein fullverdig dramatisk uttrykksform, der desse ulike element går opp i ei streng høgare eining: der skuggespel, svart teater og spel med dokker ikkje blir frittstående imponerande effektar, men underordnar seg og tener ein poetisk teatervisjon.

Med barnestykket «Onkel Eventyr» i fjor fekk vi ein forsmak på kva denne teaterkunstnaren k a n, og vi ventar oss nye spanande ting frå han i framtida. Han er hjarteleg velkomen på Det Norske Teatret.

Tormod Skagestad



Eyvind Solås

KOMPONISTEN

– Korleis har det vore å skrive musikk til ei så ukjend form som denne, Eyvind Solås?

– Lett har det i alle fall ikkje vore, men eg har samarbeid med Karel Hlavaty tidlegare. Eg fekk eit godt innblikk i ideane hans då eg skreiv musikken til barneframsyninga «Onkel Eventyr» i fjor vår. Likevel

har musikken denne gongen ein heilt annan funksjon. Eg laga først eit utkast etter at handlinga vart presentert og har sidan eksperimentert meg fram til det endelige resultatet i nært samarbeid med Hlavaty, scenografen og skodespelarane. Første halvdelan skulle ha eit reelt preg, andre halvdelan skulle vere draumaktig. Heile tida måtte eg halde meg stramt innanfor den poetiske ramma som var grunntanken i stykket.

– Kva for funksjon vil de seie musikken har?

– Vel, det har vore tre hovudmotiv. For det første skal musikken her verke atmosfæreskapande, som lyd-kulisse, og her har samarbeidet med scenografen vore avgjerande. For det andre skal den førebu dei dramatiske situasjonane, vere ledetråd og gi reaksjonsgrunnlag for skodespelarane. Og vi må ikkje gløyme at den skal verke som sjølvstendig dramatisk uttrykksmiddel.

– Og samarbeidet med Karel Hlavaty?

– Det vonar eg vil halde fram i nye oppgåver òg.

Musikken til «Måne over gjøglarvogna» er skriven for strykekvintett, obo, fløyte, trompet, sax, slagverk, cembalo og orgel. Det er Egil Monn Iversen som dirigerer det bandopptaket vi høyrer.

Harlekin, Columbine og Pierrot





Nina Martins – regiassistent og scenograf – i samtale med instruktøren.

Martins: «Måne over gjøglarvogna» er den andre oppsetjinga di for Det Norske Teatret. Den førre framsyninga di, «Onkel Eventyr», var ei dokketeaterframsyning for barn, men dette er inga barneframsyning?

Hlavaty: Nei . . . det er ei framsyning for vaksne, som alle skulle kunne forstå.

M: Dei tre hovudpersonane i det nye stykket ditt, er Pierrot, Columbine og Harlekin. Kva kan desse tre karaktertypane frå det 16. hundreåret ha å seie publikum av i dag?

H: Commedia dell'Arte var teater for folket, og desse tre personane var kjende av alle på den tid. I dag er dei rett nok ikkje så kjende, men trekantproblemet, ei kvinne – to menn, er like aktuelt i dag som den gongen.

M: Så trekantproblemet er altså hovudidéen i stykket ditt?

H: Nei – dette er tenkt reint symbolsk: Livet er ikkje lett – alle har vi ei bør å bere. Dei er berre få som lagnaden peikar ut til å nå sitt mål, til å få draumane og dei høgste ønska sine oppfylde. Dei fleste oppnår ikkje anna enn å drøyme om lykka og å utføre storverk. Korleis skal ein klare denne konflikten, korleis skal ein «bestå»? Slik er livet – å drøyme, lengte, finne, miste igjen, håpe, tru og bli skuffa. Vi finn skiftingar mellom den høgste lykke og den djupaste fortvilning.

M: Da må Pierrot i stykket ditt nett vere ein representant for desse menneska?

H: Ja . . . er ikkje Pierrots kvite kostyme symbolet på den reine menneskesjela som evig og alltid trår etter det uoppnåelege? Og er ikkje Harlekin prototypen på dei menneska som alltid set viljen sin igjennom og tar det dei vil ha?

M: Og Columbine er symbolet på det evig kvinnølege som fører desse to karaktertypane i konflikt!

H: Og så har vi hovudskallen! Den er også eit symbol – den representerer den naturmakta som styrer menneska sin lagnad.

M: Det er altså derfor at alt blir framstelt som eit draumespel?

H: Nettopp – på denne måten kan ein uttrykke menneska sine kjensler så mykje meir poetisk. Derfor kom eg fram til stykket si form: pantomime, dokketeater, svart teater og ultralysteater! Altså eit spel utan ord, der musikken sjølv sagt spelar ei vesentleg rolle.

M: Og kva er svart teater?

H: Det har utvikla seg frå eit gammalt trylle-trick: ting som, mot ein svart bakgrunn vart dekte av svart fløyel, vart usynlege. Også i det gamle japanske dokketeatret Bunrako er dokkespelarane kledde i svart.

I teatret Spejbl & Hurvinek i Praha gjorde vi i 1958 det første forsøket med å setje idéen om svart teater om i moderne form, og vi vart inspirerte til å lage eksperiment som vart viste ved verdsutstillinga i Brüssel same året.

M: Vart ikkje Laterna Magica også til same året?

H: Jau, regissøren Alfred Radok fekk idéen til Laterna Magica, som og vart vist i Brüssel for første gong. Svart teater er noko av det som finst i Laterna Magica. Mange her i landet vil vere kjende med denne form for teater, da Laterna Magica var på turné her i november -69. Det er leit at Alfred Radok ikkje kan arbeide i Laterna Magica meir. Han kan ikkje få realisert idéen sin om å skape ei ny dramatisk form, og Laterna Magica er berre blitt eit tiltrekkande show.

M: Ultralysteater finst også i stykket. Kva er det?


H: Det finst bestemte fargar som berre reagerer på ultralys. Når altså ein ting, t.d. rosa, skal danse eller sveve i romet, målar vi henne i ultrafargar og spelar desse opptrinna i ultrafiolett lys. Dei svartkledde skodespelarane blir da usynlege i dette lyset.

M: Og dette er første gongen eit norsk teater gjer bruk av svart teater?


H: Ja, og eg er teatersjef Skagestad svært takksam for at han har gitt meg høve til å setje opp dette stykket på Det Norske Teatret.



Harlekin — Rolf Arly Lund — har høge tankar om seg sjølv, han har ein herskesjuk, målmedviten og impulsiv natur. Han får det nett som han vil under alle omstende. Han planlegg alt raffinert og kaldblodig, og han gjer den stakkars Pierrot fortvila ved sadistisk å øydeleggje alle planane hans.



Columbine — Anita Rummelhoff — er framfor alt kvinna. Ho kjenner seg dregen mellom to kontrastar — på den eine sida Pierrots kjærleik og oppriktige beundring som smigrar henne, på den andre sida Harlekins virilitet som vekkjer store lidenskarar i henne. Columbine er symbolet på det vakre og opphøgde som mennesket strevar etter; dette som nokre menneske så lett oppnår, andre aldri.



Pierrot — Ole A. Simensen — er sart, kjærleg og forelska. Hans forhold til Columbine er heilt platonisk. Han dyrkar henne, men alltid er Harlekin på plass i siste minutt og kullkastar planane hans. Pierrot er mennesket som lengtar etter det opphøgde og vakre. Han spør seg sjølv: Korleis skal ein avfinne seg med å kjempe som menneske når eins inste eg er imot det? Finst det noko som har fast verdi? Er det berre naturen som er fullkomen, kanskje . . .



Om Jean Gaspard Debureau, som har inspirert alle pantomimikarar i det 20. hundreår, vert denne historia fortalt:

Ein novemberkveld i 1840 kom ein pasient til dr. Ricorda. Han var mager og svartkledd. Legen såg forskande på den interessante mannen – den høge pannen, det bleike ansiktet og dei smale leppene.

– De er sjuk, min herre!

– Ja, herr doktor – dødssjuk!

– Kva feilar det Dykk?

– Eg er trist og melankolsk. Eg lid, og veit ikkje kvifor. Eg lid, mitt hjarte gjer meg vondt. Eg er redd for menneske og for meg sjølv, eg kan ikkje sove.

– Det er ikkje dødeleg! Eg kjenner ein medisin for Dykk.

– Kva for medisin er det?

– Ein medisin som vil kurere Dykk for alt det De har fortalt meg. Gå i teatret og sjå Debureau!

Den bleike mannen bøygde hovudet og sa trist:

– Eg er Debureau, herr doktor.

måne over gjøglarvogna

eit spel med patomime, svart teater,
dokker og skuggespel
av Karel Hlavaty

manus, regi, dokker og rekvisitter	KAREL HLAVATY
regiass. og scenografi	NINA MARTINS
musikk	EYVIND SOLÅS
inspisient	REIDAR JAMVOLD
lydopptak	MENY BLOCH
rekvisitør	RANDI SØDRING

PERSONANE:

Pierrot

OLE A. SIMENSEN

Columbine

ANITA RUMMELHOFF

Harlekin

ROLF ARLY LUND

I svart teater medverkar:

BENTE LUND

KARIN HAUGEN

RAGNHILD WANG

BIRGER THURN PAULSEN

TURID SLETTEBAKK

TORMOD SØRØY

BJØRN SKJEFSTAD

THOR AAMODT

CAMILLA TOSTRUP

ARIL MARTHINSEN

RANDI SØDRING

programred.:

Håkon Qviller/Svein Selvig

omsetjing:

Anne Lise Myklebust

foto:

Fritz Solvang

trykk:

Torres trykkeri, Oslo

Livet er ikkje lett. Alle har vi ei bør å bere. Det er berre få som lagnaden peikar ut til å nå sitt mål, til å få sine høgste draumar og ønske oppfylt. Dei fleste oppnår ikkje anna enn å drøyme om lykka og å utføre storverk. Korleis skal sin klare denne konflikten, korleis skal ein «bestå»?

Det er livet. Å drøyme, lengte, finne, tape igjen, håpe, tru, bli skuffa. Vi finn skiftingar mellom den høgste lykke og den djupaste fortviling. Fram og tilbake – opp og ned – slik er livet. Å vere – eller ikkje vere?

Karel Hlavaty

I den følgjande vesle monologen, som er nedskreven i Evaristo Gherardi, *Le Theatre Italien*, 1691, møter vi ein Harlekin av den eldre typen. Seinare tok Pierrot over mange av dei karakterdraga som vi opprinneleg finn hos Harlekin.

HARLEKINS FORTVILING

Å, eg er så ulykkeleg! Doktoren vil gifte bort Columbine med ein forvaltar! Korleis kan eg leve utan Columbine? Nei, da vil eg heller døy! Å, denne idiotiske doktoren som ikkje forstår nokon ting! Å, du utru Columbine! Å, din skurk av ein forvaltar! Å, stakkars stakkars Harlekin! Eg vil døy på staden! Og sidan vil historiebøkene tale om det: Harlekin døydde av kjærleik til Columbine! Eg vil gå til rommet mitt, henge eit reip under taket, stige opp på ein stol, stikke hovudet i snara, sparke bort stolen . . . og så er eg hengd. Ja. Eg har bestemt meg, ikkje noko kan stogge meg. Eg skundar meg til galgen . . . Til galgen? Men, kjære mannen min, det ville vel vere sers tåpeleg . . . Ja visst, min herre, men at ei jente svik ein ærleg mann, det er sers skamlaust . . . Det er så, men kva vinn du ved å hengje deg? Vert du feitare av det? . . . Nei, feitare vert eg ikkje. Eg vert magrare. Eg tenkjer på figuren min, kva meiner du om det? Vil du vere med, så berre kom! . . . Nei, elles takk, men du tenkjer vel ikkje på. . . ? . . . Jau, det gjer eg . . . Nei, det gjer du nå vel ikkje . . . Jau, det gjer eg, seier eg. (Han drar kniven sin og stikk den i seg sjølv.) Så, nå vart eg fri frå den innpåslitne karen. Nå som det ikkje er nokon her, vil eg skunde meg å hengje meg. (Han let som om han vil gå sin veg men stoggar brått.) Nei, hengje seg er slik ein vanleg død, ein slik ser ein kvar dag som helst. Slik vert eg ikkje namngjeten. Eg må finne ein uvanleg måte å døy på, ein heroisk død, ein død verd Harlekin. (Han tenkjer etter.) Nå har eg det! Eg held for munn og nase, så får eg ikkje puste og så døyr eg! Nå byrjar eg. (Han held for munn og nase med begge hender, men etter å ha stått slik ei tid seier han): Nei, lufta slepp inn gjennom armholene. Det går ikkje. Å, kor mykje ståk og leven for å døy. (Han ropar til publikum): Mine herrar, om berre ein av dykk ville syne meg korleis ein gjer det, ville eg vere sers takksam . . . Å, nå har eg det. Eg har lese at folk kan døy av lått. Om eg berre kunne døy slik! Det ville vere morosamt! Om eg vart kitla høveleg lenge skulle eg kunne døy av lått. Eg skal kitle meg, og så døyr eg. (Han kitlar seg, skrattar og fell om. Pasquariello kjem og finn han, trur han er drukken og ropar namnet hans. Harlekin vaknar til liv og Pasquariello trøystar han. Sidan går dei bort saman.)

COMMEDIA DELL' ARTE

Av di Karel Hlavaty har basert «Måne Over Gjøglarvogna» i stor grad på den gamle maskekomedien (Commedia dell' Arte) og mellom anna har henta båe namna og dei karakteristiske draga til sine tre hovudpersonar, Harlekin, Columbine og Pierrot, frå han er det kan hende på sin plass å gjere litt greie for denne forma for teater.

Commedia dell' Arte er namnet (eitt av dei) på den særns interessante og ganske eineståande retninga innan teatret som kom fram i Italia mot slutten av mellomalderen, og som fekk si spesifikke form på byrjinga av det 16. hundreåret. Det var ein likefram og folkeleg komedieform, som vart spela først og fremst på offentlege stader som marknadsplassar og gatehjørne. Skodespelarane drog frå by til by og stad til stad med gjøglarvogna si og førte med seg kone og ungar og alt sitt utstyr.



Cap. Mala Gamba.

Cap. Bellavita.

Frå eit kopparstikk av Jacques Callot.

Det særeigne ved denne forma for teater var at den ikkje baserte seg på ein fullt ferdig tekst. Commedia dell' Arte var i hovudsaka eit produkt av skodespelarane, og dialogen og rørslene vart i stor grad improviserte i augneblinken. Dette tyder sjølvstykkt ikkje at skodespelarane fann på heile spelet på scena. Leiareren deira, kalla «concertatore», rita først opp hovudlinene i spelet for skodespelarane i eit slags manuskript eller «scenario». Dette inneheld hovudelementa i intrigen, nemnde kvar dei faste komiske «gags» (lazzi) skulle brukast i spelet og slo fast kvar på scena dei ulike husa var plasserte og kven som budde kvar, slik at skodespelarane ikkje skulle bli forvirra under spelet.



Domenico Biancolelli (1640–88) var skodespelar i Paris frå 1660. Han var skaparen av den moderne Harlekin.

Desse «gags» eller «lazzi» var særskilte viktige i Commedia dell'Arte-framsyningane. Dei hadde til vanleg ikkje noko å gjere med handlinga i spelet, men skulle hjelpe til med å få publikum til å le og til å halde interessa ved like. Dei var innøvde av skodespelarane på førehand og vart brukte om att og om att i dei ulike framsyningane.


Vi kan lett skjønne at denne teaterforma måtte setje store krav til skodespelarane. Aldri i teatrets historie har dugleiken deira vore så viktig, så avgjerande for framsyninga sin suksess eller fiasko. Dei gode skodespelarane innan Commedia dell'Arte-faget utvikla etter kvart ein særskilt høg standard. Ei av årsakene til dette var at personane i desse komediane kom att i spel etter spel, og skodespelarane spesialiserte seg på eit par einskilde roller og held fast ved desse.

Alle rollene i desse spela var velkjende for tilskodarane. Dei hadde sine favorittar mellom dei, og av di dei kjende dei så vel og visste korleis dei kunne spelast og var blitt spela tidlegare, var dei ikkje lett å gjere nøgde. Skodespelarane vart såleis tvinga til å gjere sitt beste kvar einaste gong.


Dei medverkande i svart teater:




KARIN HAUGEN



BENTE LUND



RAGNHILD WANG



BIRGER THURN PAULSEN



TURID SLETTEBAKK



BJØRN SKJEFSTAD



TORMOD SØRØY




CAMILLA TOSTRUP



THOR AAMODT



RANDI SØDRING



ARIL MARTHINSEN

Vårens repertoar på Det Norske Teatret:

å miste eit romskip

Å miste eit romskip

av Jon Bing og Tor Åge Bringsværd
regi: Ola B. Johannessen
med Svein Erik Brodal, Tom Tellefsen,
Ole Jørgen Nilsen, Wenche Medbøe,
Rolf Just Nilsen, Harald Heide Steen,
Lasse Bartnes

Onkel Vanja

«Onkel Vanja» av Anton Tsjekov

regi: Tormod Skagestad
scenografi: Arne Walentin
med Bjarne Andersen, Lise Fjeldstad,
Odd Furøy, Britt Langlie,
Dagmar Myhrvold, Pål Skjønberg,
Astrid Sommer, Harald Heide Steen.

Première den 9. februar

Man of la Mancha

«Man of la Mancha» musical etter Cervantes' «Don Quijote»

regi: Marnel Sumner
koreografi: Rolf Daleng
med m.a. Lasse Kolstad, Kari Ras-
mussen, Ingebjørg Sem

Première medio mars

SPELPLAN PÅ ANDRE TEATER:



«**Bygmester Solness**» av Henrik Ibsen
regi: Arild Brinchmann

«**Naar den ny vin blomstrer**» av Bjørnstjerne Bjørnson
regi: Knut M. Hansson

«**Den Stundesløse**» av Ludvig Holberg
regi: Edith Roger

«**Semmelweis**» av Jens Bjørneboe
regi: Magne Bleness

«**Skandaleskolen**» av R. B. Sheridan
regi: Per Bronken

«**Edward II**» av Christopher Marlowe
regi: Kazimierz Dejmek

A m f i s c e n e n :

«**Det store smellet**» av Ann Jellicoe
regi: Jan Bull

«**Sandkassen**» av Kent Andersson
regi: Janken Varden

«**Deilige dager**» av Samuel Beckett
regi: Kirsten Sørлие

«**Gerts Have**» av Gunnar Heiberg
regi: Jan Bull



«**Skulle det dukke opp flere lik . . .**»

av Jack Popplewell
regi: Jon Lennart Mjøn

«**Cabaret**». Musical av Masteroff/Kando/Ebb
regi: Vera Zorina

«**Du deilige ungdom**» av Tennessee Williams
regi: Barthold Halle

For barna:

«**Robin Hood**» av Sven Lange
regi: Erik Lassen

OPIERAEN

- «Carmen» av George Bizet
«Klagesang». Ballett av Antony Tudor
«Appolon Musagètes». Ballett av George Balanchine
«Symfoni i C». Ballett av George Balanchine
«Jeppe». Opera Buffa av Geirr Tveitt
«Brudekjøpet». Opera Buffa av Bedrich Smetana
«Romeo og Julie». Ballett av Witold Borokowski
«Den flyvende hollender». Opera av Giacomo Puccini
«De fire temperamentene» av George Balanchine
«Sommernatt». Ballett av Job Sanders
«Raymonda» – 3. akt. Ballett av Marius Pepita/Rudolf Nureyev



- «Den glade enke» av Franz Lehár
regi: Aloysius Valente
«Gjengangere» av Henrik Ibsen
regi: Otto Homlung

For barna:

- «Folk og røvere i Kardemommeby» av Thorbjørn Egner
regi: Lothar Lindtner

trøndelag teater

- «En folkefiende» av Henrik Ibsen
regi: Ketil Bang Hansen

For Barna:

- «Reisen til julestjernen» av Sverre Brandt
regi: Thea Stabell

Mogaland Teater

- «Mørke midt på dagen» av Sidney Kingsley
regi: Bjørn Endreson
«Hjemmet» av Kent Andersson/Bengt Bratt
regi: Arne Thomas Olsen
«Tartuffe» av Molière
regi: Bernt Erik Larsen
«Flaggermusen» av Johan Strauss
regi: Kjell Bækkelund/Arne Thomas Olsen



«**Garden Party**» av Alan Ayckbourn

regi: John Lennart Mjøen

«**Oklahoma!**» av Richard Rogers/Oscar Hammerstein

regi: Asbjørn Toms

«**Georg, sit du godt**» av Dag Solstad/Einar Økland

regi: Gudrun Waadeland

«**Playboy**» av Terence Frisby

regi: John Lennart Mjøen (Oslo Nye Teater)

«**Heim, kjære heim**» av Kent Andersson/Bengt Bratt

regi: Elisabeth Bang (Det Norske Teatret)

«**Pippi Langstrømpe**» av Astrid Lindgren

regi: Rolf Sand (Det Norske Teatret)

«**Gjengangere**» av Henrik Ibsen

regi: Otto Homlung (Den Nationale Scene)

«**Gerts have**» av Gunnar Heiberg

regi: Jan Bull (Nationaltheatret)

«**Peer Gynt**» av Henrik Ibsen

regi: Knut Thomassen (Den Nationale Scene)



Botney - 68